



## Referat frå kommunemøte 9. november 2023

**Deltakarar:** Kommunar, UDI, IMDi, PST, Vest pd, Helse Bergen

**Ikkje til stades:** VLFK, Helse Fonna, Helse Førde, KS, Sivilforsvaret, Aurland, Austevoll, Fedje, Fitjar, Høyanger, Modalen, Sunnfjord, Solund, Stad, Tysnes, Voss

### Innhald

1. Innleiing .....	1
Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina.....	1
Rapportering til DSB om flyktningssituasjonen og oppsummering frå kommunane sine rapportar ...	2
Mediehandteringskurs for ordførarar .....	3
Kartleggingsoppdraget om stor auke i tilkomsten av flyktningar og om innsyn/offentlegheit. ....	3
Hurtigtestar .....	4
2. Situasjonsbilde v/ Vest politidistrikt (Gustav Landro) .....	4
3. Situasjonsbilde v/ PST (Torgils Lutro) .....	5
4. Orientering frå UDI v/ Bjørn Tofte Vaage .....	5
5. Orientering frå IMDi v/ Katrine Vidme .....	6
6. Orientering frå Lærdal kommune – øving 2. november.....	6
7. Eventuelt .....	7

### 1. Innleiing

#### Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina

Det er ikkje noko som skulle tyde på at vi med det første kan vente store endringar verken i den militære eller diplomatiske situasjonen for krigen i Ukraina, som no er inne i sin 21. månad.

Vestlege media gav sist veke mykje omtale til ein artikkel i “The Economist”, der den ukrainske forsvarssjefen Valery Zaluzhnyi sa at krigen tvert om kan gå mot eit nytt stadium med statiske og utmattande kampar. Generalen sa at det kan gjere det mogleg for Russland å bygge opp igjen militærmakta si.

Zaluhnyi sa at det ukrainske forsvaret treng nye militære kapasitetar og teknologisk innovasjon for å bryte ut av denne fasen. Han slo fast at Russland kan mobilisere nesten tre gonger større menneskelege ressursar enn Ukraina.

.....

Det Internasjonale Atomenergibyrået publiserte 3. november oppdatert informasjon om situasjonen ved kjernekraftverka i Ukraina. Eit nytt team med ekspertar frå IAEA kom til Ukraina siste veke, og avløyste teamet som var inne for å overvake tryggleiken ved atomkraftverket i Zaporizhzhya (ZNPP).

Nesten kvar dag dei siste vekene og månadene har IAEA-ekspertane høyrte eksplosjonar berre eit stykke frå ZNPP. Det dokumenterer at det alltid er potensiale for tryggleiksfare. Generaldirektøren



uttalte m.a. at redusert tal vedlikeholdspersonell, og avgrensa tilgjenge på alle nødvendige reservedelar, har eit potensial til å påverke drifta av tryggleikssystema.

<https://www.iaea.org/newscenter/pressreleases/update-192-iaea-director-general-statement-on-situation-in-ukraine>

.....

I krigen mellom Israel og Hamas er det heller ikkje noko som tyder på ei snarleg løysing, verken militært eller diplomatisk.

På same måte som andre land, jobbar norske styresmakter for å få ut eigne innbyggjarar frå Gaza. Vi var i går i eit møte der Helsedirektoratet sa at det er meir enn 200 menneske på Gaza som er norske statsborgarar, eller har annan tilknytning til Norge. Halvparten er born. Det er framleis for dårleg kvalitet på oversynet over kven desse er, og i kva norsk kommune dei bur i, til at nasjonale styresmakter vil sende opplysningane frå seg.

Per i går stod det ikkje personar med tilknytning til Noreg på listene over folk som fekk lov til å reise ut frå Gaza. Evakueringa skal skje med buss til Kairo, frå grenseovergangen mellom Gaza og Egypt. I Kairo er det på plass eit norsk utrykkingsteam. I teamet er det tilsette i UD saman med helsepersonell. Frå Kairo skal dei evakuerte sendast med fly til Gardermoen.

Det er mangelfull oversyn over helsetilstanden til dei som er aktuelle for evakuering. Hdir sa at det generelt er grunn til å rekne med at dei vil ha stort behov for psykososial oppfølging når dei kjem. Behovet for helsehjelp vil og auke etter kvart som tida går utan at dei vert evakuert ut. Helsedirektoratet sa at kommunane i alle fall vil få to døgn til å førebu seg før desse personane kjem heim til eigen kommune.

Det er og ein operasjon for å få ut folk som måtte opphalde seg i Libanon. Noreg og ei rekkje andre europeiske land er til stades på Kypros for å ta i mot evakuerte frå Libanon der.

### Rapportering til DSB om flyktnings situasjonen og oppsummering frå kommunane sine rapportar

Flyktnings situasjonen var hovudtemaet på møtet vi deltok på i går. UDI orienterte om sine estimat for tilstrøyminga til neste år. Slik vi forstår det reknar dei det som mest sannsynleg at tala vil vere på om lag same nivå i 2024 som i 2023. Vi får ei orientering frå UDI etterpå.

Vi sendte tysdag føremiddag ein situasjonsrapport til DSB, basert på innrapporteringa frå kommunane. Mange takk for at de igjen snudde dykk rundt og på kort varsel rapporterte til oss. Vi opplevde det som veldig nyttig å vite kvar skoen trykker.

Vi legg samlerapporten vår saman med referatet.

Vi klarar ikkje å fange opp absolutt alle små og store problemstillingar når vi rapporterer. Vi oppmodar difor om at de tar kontakt med oss viss det er forhold de spesielt ønsker å gjere oss merksame på, eller ønsker å diskutere noko med oss.

Her er nokre av hovudpunkta i rapporten vår:

- Bustads situasjonen er svært vanskeleg.
- Kommunane klarar i det store og heile å levere tenester til flyktingane, men med vidare auke i tilstrøyminga er vi uroa for om alle vil ha evne til å halde fram med det.



- Rekruttering av folk med kompetanse til tenestene er krevjande. Det gjeld særleg legar, men og andre faggrupper.
- Flyktningane som kjem no har generelt større helseutfordringar enn dei som kom i ein tidlegare fase av krigen. Det gjeld særleg psykisk uhelse.
- Kommunane opplever det som problematisk at dei får mangelfulle helseopplysningar om dei som skal busetjast.
- Tolkar er mangelvare.
- Eit par kommunar etterlyser betre samordning mellom statlege styresmakter. Manglande samordning gjer at kommunane kjenner seg noko overlatne til seg sjølv.
- Den frivillige innsatsen blant lokale organisasjonar og enkeltmenneske er svært viktig.

Vi sender rapporten vår ut saman med referatet.

### Mediehandteringskurs for ordførarar

Som nemnt i førre kommunemøte, ønsker vi å arrangere medietreningskurs, med særleg merksemd på handtering av uønskete hendingar og krisekommunikasjon. Kurset er primært tenkt for ordførarar, særleg for dei som er nyvalde. Ved ledige plassar kan vi opne for at andre, t.d. kommunedirektør/rådmann, kan delta.

#### **Praktisk:**

**Stad:** Vi ønsker å gjennomføre medietreninga som dagskurs i Bergen, og vil arrangere det over to eller fleire dagar viss talet påmeldte gjer det aktuelt.

**Tidspunkt:** aktuelle datoar kan vere 06.02.2024-08.02.2024 og 13.02.2024-15.02.2024.

**Innhald:** Vi ønsker særleg at det blir lagt vekt på at alle deltakarane får øve på å bli intervjuet for TV, og at dei får høve til å lære av både eiga og andre deltakarar si handtering av intervjusituasjonen.

Vi ønsker oversikt over kor mange som kan tenke seg å vere med på kurset. Vi ber difor om å melde interesse i eit Formsskjema som vi legg ved i e-postutsendinga av referatet. Dette er ikkje bindande påmelding, men ei kartlegging av om lag kor mange det kan verte, og kor mange kursdagar det såleis vil vere behov for. Invitasjon og påmelding vert sendt ut seinare.

### Kartleggingsoppdraget om stor auke i tilkomsten av flyktningar og om innsyn/offentlegheit.

Vi har så langt ikkje mottatt oppfølgingsoppdraget frå DSB, som var sagt skulle kome til 1. oktober.

Vi veit at det er kome spørsmål om listene over moglege innkvarteringsstadar for flyktningar kan vere unnateke offentlegheit. DSB seier det same vi tenker; at dei listene som kommunane har sendt til Statsforvaltaren er offentlege.

Det er elles viktig å vere merksam på at Justis- og beredskapsdepartementet har [sendt ut til høyring eit forslag om mellombels endringar av utlendingslova](#). Der er det foreslått å gi Statsforvaltaren ein heimel til å pålegge kommunar å etablere og drifte mellombels innkvarteringstilbod til asylsøkarar.

I høyringsbrevet seier departementet at i ein ekstraordinær situasjon der det ordinære systemet for innkvartering av asylsøkarar ikkje er tilstrekkeleg, kan vere nødvendig å gi Statsforvaltaren mynde til å pålegge kommunar å etablere og drifte eit mellombels innkvarteringstilbod til asylsøkarar. I ein slik situasjon vil kommunane få ansvaret for at innkvarteringa tek i vare dei grunnleggande behova til



bebuarane, og for å legge til rette for at dei får tilgang til lovpålagde tenester i kommunen, fram til UDI igjen er i stand til å gi eit innkvarteringstilbod til asylsøkarar.

### Hurtigtestar for covid-19

Dei fleste hurtigtestane som er kjøpt inn nasjonalt, og som ligg ute i kommunane, går ut på dato enten i slutten av 2023 eller i første kvartal 2024. Vi har fått spørsmål frå nokre kommunar om kva som skjer med hurtigtestane dei har, og om det er forventa at kommunen skal beredskapslager av testar.

Helsedirektoratet publiserte ein artikkel 6. oktober, der dei skriv at ordninga for bestilling av hurtigtestar vert avvikla frå nyttår. Det går fram at etter nyttår er ikkje kommunane lenger ansvarleg for å skaffe og dele ut hurtigtestar, og difor vert beredskapsordninga avvikla. Det står at «*Helse- og omsorgstjenesten, herunder fastlegetjenesten, bør etter dette vurdere hvordan de skal sikre forsvarlig tilgang til testing og diagnostikk på linje med annen diagnostisk virksomhet*».

Viss vi får supplerande informasjon frå Helsedirektoratet ut over dette, vil vi dele den med kommunane.

Sjå artikkelen [- Avvikler ordning om bestilling av hurtigtester - Helsedirektoratet.](#)

## 2. Situasjonsbilde v/ Vest politidistrikt (stabssjef Gustav Landro)

Landro orienterte kort om situasjonsbildet frå politiet si side, om den tryggleikspolitiske situasjonen og korleis situasjon i Midt-Austen påverkar drift og beredskap i politiet.

Den tryggleikspolitiske situasjonen er godt dekt i media og situasjonen er uendra. Politiet har framleis ein operasjonsordre med merksemd på kritisk infrastruktur, der politiet har dialog med aktørane.

Politiet er avhengig av å få inn informasjon, og ein viktig nøkkel er dialogen som kommunar med kritisk infrastruktur i sitt område har med eigne innbyggjarar og verksemder. Det er viktig at informasjon om t.d. dronflyging, eller andre «avvik frå normalen» vert meldt frå om til politiet. Slik informasjon vert lagt inn politiets etterretningssystem, og kan delast med nabodistrikt og PST.

Politiet har ekstra merksemd på sjøsida, særleg med båtar og personell frå Russland som kjem innom territorialgrensa. Det gjeld mellom anna fartøy som søker nødhamn, og russiske sjømenn som skal mønstre på eller av. Vest pd har god samhandling med EOS-tenestene, men politiet minner igjen om at kommunane kan supplere med informasjon òg på dette punkt.

Det er ikkje gjort endringar i trusselnivået, eller trusselvurderinga knytt til den tryggleikspolitiske situasjonen.

Situasjonen i Midt-Austen etter 7. oktober påverkar til ei viss grad politiet. Vest pd har avgitt personell til Oslo for vakthald/beskyttelse av jødiske objekt. Det er ikkje mange tilsvarende objekt i Vest pd sitt område.

Det er likevel ein del bekymring i dei religiøse miljøa i Vest pd sitt område. Mellom anna har politiet sin radikaliseringskontakt hatt jamlege møte om kva som kan forventast frå politiet si side. Politiet er opptekne mellom anna av moglege høgreekstreme uttrykk, og trusselen frå ekstrem islamisme. Det



har òg vore miljø frå ekstreme venstre som utrykt sin støtte til Palestina OG som har forstyrra arrangement.

Det har vore en del mobbing på skular med jødiske barn, og det er viktig at slike ting blir tekne opp og handtert. Det påverkar tryggleikskjensla. Det mosaiske trussamfunn har vore i kontakt om politiet sin respons ved skuleskytingar. Dette er noko som òg treff kommunane.

Politiet har merksemd på arrangement som vert påverka av sympati eller antipati i Midt-Austen problematikken. Mellom anna skal det i dag (09.11) vere ei markering av krystallnatta i 1938, samstundes som det er pro-palestinske markeringar i Bergen. Politiet har òg merksemd på Pride-markeringar som vert arrangert til ulike tider i distriktet. Det er òg meldt om SIAN markeringar, som politiet vil ha ekstra merksemd på.

Det er viktig å hugse på politiet si rolle som er å vere ein objektiv part som skal sikre alle sin rett til å ytre seg, og samstundes sikre tryggleiken slik at det ikkje oppstår valdshendingar. Viss politiet rår frå eit arrangement, eller set ei eller anna avgrensing, er det fordi politiet må ivareta tryggleiken og ikkje fordi politiet vel side.

### 3. Situasjonsbilde v/ PST (Torgils Lutro)

Medan politiets rolle er å sikre ro og orden er PST sin rolle å jobbe mot terror og ulovleg etterretning.

PST har vore ute i riksmidia om Gaza-situasjonen og korleis den påverkar Noreg. Det er ikkje kome ny informasjon som endrar budskapet. Det føreligg ikkje informasjon som tilseier at ein statleg eller ikkje-statleg aktør planlegg valdshandlingar, eller andre handlingar i Noreg, på grunn av Israel-Hamas-konflikten. Det er ingen indikasjonar på vilje eller evne til dette, og trusselbildet er difor uendra.

Situasjonen til både jødar og palestinarar i Noreg er meir krevjande no. Det har vore betydeleg mindre uro i Noreg som følgje av situasjonen i Midt-Austen, samanlikna med andre stader. Det er ein av grunnane til at PST ikkje har oppjustert trusselnivået, i motsetnad til t.d. Sverige. Terrortrusselen i Noreg er framleis på eit MODERAT nivå, og det ikkje vore endra sidan starten av 2023.

Etterretningstrusselen er på eit normalnivå. PST minner om at dei, på lik line med politidistriktet, er avhengige av informasjon om kva som skjer i kommunane. Det gjeld både terror, etterretning og kritisk infrastruktur. Det er dei som bur og jobbar lokalt som kjenner normalbiletet i ein kommune. Oppmodinga er at den som måtte sjå noko som er utanfor normalbiletet, melder frå til politiet.

### 4. Orientering frå UDI v/ Bjørn Tofte Vaage

Sjå vedlagt presentasjon for mottak av flyktningar nasjonalt og regionalt, og prognosar for utviklinga.

Så langt i år har det kome 34 000 flyktningar, og sidan 2022 nærmar det seg 68 000 ukrainske flyktningar. Det kjem no om lag på 1000 flyktningar i veka.

Prognosane framover er usikre, og UDI opererer med eit lågt, middels og høgt scenario òg for 2024. Planleggingstalet for 2024 er førebels på 30 000, som er lågare enn tala i dag skulle tilseie. Prognosane og planleggingstala kan justerast undervegs.



Det er i stor grad private aktørar som står for drift av mottak, og det er mest private aktørar som leverer tilbod når UDI ber om nye tilbod på mottak. UDI ønskjer gjerne ein større miks av humanitære og kommunale tilbydarar, og oppmodar difor kommunar til å følgje med på databasen for offentlege anskaffingar. Informasjon om finansiering for vertskommunar går fram av den vedlagte presentasjonen.

UDI er klar over at ting har gått raskt, og at kommunen har eit stort informasjonsbehov når ein privat aktør etablerer mottak i kommunen. UDI har struktur og prosessar som skal sikre at kommunen vert informert så snart som råd. Kommunedirektør og ordførar vert kontakta så fort ein avtale er signert. Ting går fort, og med rekordhøge flykntingtal, forstår UDI at informasjonsgangen kan verte opplevd treg.

Det er for tidleg å seie om situasjonen i Gaza kan gi ei flykntingbølge frå Midt-Austen. Merksemda til styresmaktene er no retta mot norske statsborgarar som er i Gaza, og korleis det er mogleg å få dei heim. Potensialet for ei ny flykntingbølge er likevel stor, men det er for tidleg å seie noko om når det eventuelt skjer noko, og korleis ein eventuell flykntingstraum vil spreie seg i Europa.

### 5. Orientering frå IMDi v/ Katrine Vidme

Sjå vedlagte presentasjon om status for busetjing i Vestland.

Summert seier IMDi at det har vore ein jamn flyt i busetjingsarbeidet. Kommunane viser god vilje til å få dette til, og dei har gjort ein formidabel innsats i ein krevjande og langvarig situasjon.

Rapporteringa som statsforvaltarane har sendt til DSB viser samstundes at bustad er ein utfordring. Det har òg gitt uttrykk for uro for mangelen på kartleggingsinformasjon. IMDi tek dette vidare i arbeidet saman med UDI, men poengterer at tida frå flykntingane får innvilga kollektiv beskyttelse til dei vert busette er veldig kort.

Talet flykntingar har auka i haust og belegget på mottaka er høgt. Viss kommunar har tilgjengeleg kapasitet, men ikkje fått flykntingar tildelt den siste tida, oppmoda Vidme om at dei tek kontakt med kontaktsenteret til IMDi. Kommunar får 50 000 kroner for kvar ekstra flyknting som vert busett, ut over det kommunen opphavelg vart bedt om (i nov 2022).

### 6. Orientering frå Lærdal kommune – øving 2. november

Lærdal kommune hadde 2. november ei større øving, for både kriseleiinga, naudetatane, Heimevernet, Røde Kors, og nokre andre eksterne aktørar. Noko av øvingsfokuset var varsling og kommunikasjon, og Rayvn vart nytta under øvinga.

Intensjonen var å bruke heile apparatet, og få testa kommunen som ein «fjerde naudetat». Øvinga var veldig nyttig, og inneheldt fleire nye element og gav god lærdom. Det gjaldt m.a. bruk av Heimevernet som støtte i ei sivil hending, både ute på ulykkestaden og i kriseleiinga (liaisonar).

Krisestøtteverktøyet Rayvn fungerte bra under øvinga. Funksjonar i Rayvn, som at dei som har brukarkonto kan setje inn informasjon rett inn i loggen, gjer jobben for dei som loggfører mykje enklare og gir god oversikt. Den viktigaste lærdomen er at dei skal gje brukarkonto i Rayvn til fleire i kommunen.

Kommunen skal òg ordne brukarkurs og bli betre kjent med funksjonalitetar i Rayvn. Alt i alt var det nyttig og kommunen kjem til å bruke verktøyet.

Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.



## 7. Eventuelt

Innspel frå Bergen kommune v/ Rune Bratland: Forslag om at Statsforvaltaren i komande kommuneøvingar kan som øvingsmoment ha trening av Rayvn for samvirke og samhandling mellom kommunar.

Neste kommunemøte vert torsdag 14. desember.